



**Festidalen har no søkt om 100 000 kroner i marknadsføringsmidlar sjølv om kommunen si grense for tildeling som hovudregel er 50 000. Midlane skal gå til 2 prosjekt som dei ikkje har hatt råd til før. Det eine er eit trykt program i lommeformat som skal komma ut til våren og det andre er ei festivalavis som skal komma ut i juli i tabloidformat. Festidalen tek sikte på eit opplag på 20 000-40 000**

I søknaden opplysar Festidalen mellom anna at dei nyleg har starta samarbeid med Kvinnherad Turlag om fleire arrangement for å knyta arbeidet sterkare til Kvinnheradnaturen. Dei stillar på fritidsmessa, held innlegg på innflyttarsamlinga og er med på Kom til Kvinnherad,

Saman med kommunen freistar dei å verta deltakar i Norsk Rockeforbund sitt prosjekt Saman står vi sterkare.

Festidalen strekar i søknaden under at festivalen har fått ny breidde med mange arrangement for born og unge og næringsseminar,

Av Ola Matti Mathisen